



Møteinnkalling

Utval:	Bømlo kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Formannskapssalen
Dato:	06.02.2025
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Arne Zahl Røksund
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 28.11.2024	2023/512	
	Politiske saker		
PS 1/25	Habiliteringstenesta - orientering frå kommunedirektør	2024/136	
PS 2/25	Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan	2024/136	
PS 3/25	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlø kommunale eigendomsselskap AS - oppfølging av handlingsplan	2022/339	
PS 4/25	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 5/25	Årsmelding 2024 for kontrollutvalet	2024/17	
PS 6/25	Møteplan 2025 for kontrollutvalet	2024/3	
PS 7/25	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 8/25	Eventuelt	2023/482	
	Referat saker		
RS 1/25	FKT - medlemsinformasjon desember 2024	2022/31	

GK 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/512-12

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	2/25	06.02.2025

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 28.11.2024

Møteprotokoll frå møte 28.11.2024 er vedlagt.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	28.11.2024
Tid:	10:00 - 13:00

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP
Arne Zahl Røksund	Leiar	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rune Kvernenes	Nestleiar	H
Bente Spissøy	Medlem	INP
Lene Borgen Waage	Medlem	AP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Endre Barane	Lene Borgen Waage	AP
Magnar Skålevik	Bente Spissøy	UAVH.

Andre som møte:

Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør
Morten Helland	Ordførar
Inger-Johanne Sørbo Solberg	Rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Iver Fiksdal	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS på Teams (PS 32/24)
Erlend Risvand Mo	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Arne Zahl Røksund
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 9/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 09.10.2024	2023/512	
Politiske saker			
PS 32/24	Teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadområde - rapport	2023/496	
PS 33/24	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlø kommune	2024/89	
PS 34/24	Deloitte AS presenterer interimisrevisjonsrapport 2024	2023/487	
PS 35/24	Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan	2024/136	
PS 36/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 37/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 38/24	Eventuelt	2023/482	
PS 39/24	Henvending - relatert til jobbsøking	2023/496	
PS 40/24	Konkurranseutsetting av revisjonstenestene - forslag til konkurransegrunnlag	2024/67	
Referat saker			
RS 9/24	Årsmelding 2023-2024 - Mobbeombodet i Vestland	2024/12	
RS 10/24	VS: Nytt fra FKT oktober 2024	2022/31	
RS 11/24	NKRFs Kontrollutvalskonferanse 2025	2024/12	

Godkjenningssaker

GK 9/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 10/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 09.10.2024

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til møteprotokoll frå møte 09.10.2024.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 09.10.2024 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 32/24 Teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadområde - rapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber kommunedirektør om å gje ein status til kontrollutvalet om teljepraksis innan 30.04.2025. Her under om Deloitte si vurdering om korleis teljepraksis bør vera, er integrert i forslag til endra føresegner til arealdelen i ny kommuneplan

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om rapport gjeldande teljepraksis og svarte på spørsmål.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret ber kommunedirektør om å gje ein status til kontrollutvalet om teljepraksis innan 30.04.2025. Her under om Deloitte si vurdering om korleis teljepraksis bør vera, er integrert i forslag til endra føresegner til arealdelen i ny kommuneplan

PS 33/24 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor orienterte kort om saka. Deloitte AS har ikkje hatt andre oppdrag i Bømlo kommune enn det som er bestilt frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

PS 34/24 Deloitte AS presenterer interimsrevisjonsrapport 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2024 frå Deloitte AS til orientering

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor presenterte interimsrevisjonsrapport for kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2024 frå Deloitte AS til orientering

PS 35/24 Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 09.12.2024. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 30.05.2025, ferdig verifisert og med kommunedirektør sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet fekk informasjon om at kommunen har starta opp utviklingsarbeid gjeldande habiliteringstenesta og har i Handlingsplan helse-sosial-omsorg 2023-2024 punkt 26 «Habiliteringstenesta i framtida» (mandat 26). I tillegg er det tilsyn frå Statsforvaltar (avdeling Haugen), arbeidstilsyn og andre instansar gjeldande habiliteringstenesta.

Ut i frå ein samla vurdering vel kontrollutvalet å utsetje denne saka til neste møte i kontrollutvalet 06.02.2025. Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør gjeldande utviklingsarbeid og tilsyn frå Statsforvaltar, arbeidstilsyn og andre instansar til møte 06.02.2025.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet utsett saka til neste møte i kontrollutvalet 06.02.2025.
2. Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør om arbeidet med Handlingsplan helse-sosial-omsorg 2023-2024 punkt 26 «Habiliteringstenesta i framtida» (mandat 26)» til møte 06.02.2025
3. Kontrollutvalet ber dessutan om ei orientering frå kommunedirektør gjeldande tilsyn frå Statsforvaltar, arbeidstilsyn og andre instanser innan habiliteringstenesta til møte 06.02.2025.

PS 36/24 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om dette:

- Sjukefråvær i oktober var på 8,8 %, korttidsfråværet 2,6 % og langtidsfråværet 6,2 %.
- Kvalitet - innhald i mapper til dei politiske møta (First Agenda).
- Driftsrapport til og med oktober viser eit meirforbruk på kr 16,3 millionar kr. og prognosen for året er no kr 18,4 millionar kr.
- Bømlo kommune fekk 9,5 millionar kr. ekstra som kompensasjon for venta reduksjon i inntekter og kostnadsvekst.
- Skatteinngangen ved utgangen av oktober viser ein lokal vekst på 6,64 %.
- Brannstasjon - er no i en slutfase, bygget er tatt i bruk. Prognose for sluttsum er uendra. Venter på avslutning av bo (konkursbu).
- Samlokalisering av legekontora på Svortland. (Kystlegane og Bremnes legekontor).
- Våge skule - ventar på budsjett.
- Kjøkken BBH/renovering og ombygging BBH. Prosess for konkurranse. Ventar på budsjettramme 2025.
- Kontorlokale Barne- og familietenesta - vurdere alternative løysingar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 37/24 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått, det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 38/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Første møte i kontrollutvalet i 2025

Det vart bestemt at det første møte i 2025 vert 06.02.2025. Forslag til møteplan for 2025 er på sakslista til møte 06.02.2025.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet sitt neste møte vert 06.02.2025.

PS 39/24 Henvending - relatert til jobbsøking

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet vart einig i å lukke saka ved handsaminga av denne saka. Møtet vart lukka med heimel i kommunelova §11-5, 3 lekk pkt. b, jf. Offl. § og Fvl § 13, 1 lekk.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og vel å lukke saka.

PS 40/24 Konkurransetutting av revisjonstenestene - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Forslag til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjorde merksam om at alle delar av konkurransegrunnlaget er unnateke offentlegheit etter offentleglova § 23, 3. avsnitt, fram til konkurransegrunnlaget er offentleggjort ved kunngjering av konkurransen.

Møte vart samrøystes lukka med heimel i kommunelova §11-5, lf. offl. §14. Lukkingsvedtaket var samrøystes.

Sekretariatet orienterte om saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forslag til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Referat saker

RS 9/24 Årsmelding 2023-2024 - Mobbeombodet i Vestland

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 10/24 VS: Nytt fra FKT oktober 2024

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 11/24 NKRFs Kontrollutvalskonferanse 2025

Saksprotokoll 28.11.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/136-5

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	1/25	06.02.2025

Habiliteringstenesta - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

I saka gjeldande forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan i møte 28.11.2024 (PS 35/24) , vart kommunedirektør beden om ei orientering gjeldande habiliteringstenesta i Bømlo kommune til dette møtet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møtet 28.11 2024 i kontrollutvalet vart dette protokollert i sak PS 35/24 Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta – prosjektplan:

«Kontrollutvalet fekk informasjon om at kommunen har starta opp utviklingsarbeid gjeldande habiliteringstenesta og har i Handlingsplan helse-sosial-omsorg 2023-2024 punkt 26 «Habiliteringstenesta i framtida» (mandat 26). I tillegg er det tilsyn frå Statsforvaltar (avdeling Haugen), arbeidstilsyn og andre instansar gjeldande habiliteringstenesta.

Ut i frå ei samla vurdering vel kontrollutvalet å utsetje denne saka til neste møte i kontrollutvalet 06.02.2025. Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør gjeldande utviklingsarbeid og tilsyn frå Statsforvaltar, arbeidstilsyn og andre instansar til møte 06.02.2025.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet utsett saka til neste møte i kontrollutvalet 06.02.2025.
2. Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør om arbeidet med Handlingsplan helse-sosial-omsorg 2023-2024 punkt 26 «Habiliteringstenesta i framtida» (mandat 26)» til møte 06.02.2025
3. Kontrollutvalet ber dessutan om ei orientering frå kommunedirektør gjeldande tilsyn frå Statsforvaltar, arbeidstilsyn og andre instanser innan habiliteringstenesta til møte 06.02.2025.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. KommuneLOVA § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kommunedirektør kjem til møtet for å orientera om saka, slik det vart bestilt frå kontrollutvalet i møte 28.11.2024. Det vert vist til saka gjeldande bestilling av forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta som vart utsett til dette møte frå møte 28.11.2024.

Ut frå kva som kjem fram av informasjon i møtet må kontrollutvalet diskutera kva ein skal gjera vidare med saka. Sekretariatet tilrår ut i frå slik saka står no, at informasjonen vert teken til orientering. Relevant informasjon i denne orienteringa kan og koma til nytte i ein forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta, dersom det bert bestilt, jmf. anna sak i dette møtet.

Kontrollutvalet må bestemma seg for om ein skal gjennomføra forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta, eller om ein skal bestilla nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Konklusjon

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/136-4

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	2/25	06.02.2025

Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 15.02.2025. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 01.09.2025, ferdig verifisert og med kommunedirektør sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Samandrag

Kontrollutvalet skal i dette møte handsama prosjektplan gjeldande forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta. Kontrollutvalet vedtok å utsetje denne saka frå møte 28.11.2024 grunna at kontrollutvalet ønsjer ei orientering frå kommunedirektør gjeldande habiliteringstenesta, før ein bestemmer seg for å bestilla ny forvaltningsrevisjon. Om kontrollutvalet vel å bestilla denne forvaltningsrevisjonen vert det tilrådd at prosjektplanen vert godkjent i dette møte.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Prosjektplan fvr. av habiliteringstenesta - Bømlo kommune.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte i møte 09.10.2024 (PS 28/24) ny forvaltningsrevisjon:

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Habiliteringstenesta.
2. Utvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. bakgrunn, føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 01.11.2024, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 28.11.2024.

Kontrollutvalet vedtok å utsetje denne saka frå møte 28.11.2024 grunna at kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå kommunedirektør gjeldande habiliteringstenesta før ein bestemmer seg for å bestilla ny forvaltningsrevisjon. Det vert vist til ei anna sak i dette møte gjeldande orientering frå kommunedirektør gjeldande habiliteringstenesta. Om kontrollutvalet vel å bestilla denne forvaltningsrevisjonen vert det tilrådd at prosjektplanen vert godkjent i dette møte.

Prosjektplanen frå Deloitte er vedlagt saka (sjå vedlegg).

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Av prosjektplanen kjem det fram at føremålet med prosjektplanen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Bømlo kommune har tilfredsstillande styring og kontroll med habiliteringstenesta.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er det etablert tilstrekkeleg internkontroll for å sikre god styring og kontroll med tenesteytinga i habiliteringstenesta? Under dette:
 - a. I kva grad er det etablert tydelege mål og planar for habiliteringstenesta?
 - b. I kva grad er det etablert nødvendige prosedyrar og rutinar for tenesteytinga (til dømes for tvang, ernæring, medisiner, funksjonsnivå, aktivisering m.m.)?
 - c. I kva grad blir det systematisk gjennomført risikovurderingar i tenesta?
 - d. Har habiliteringstenesta eit tilfredsstillande system for melding og oppfølging av avvik?
 - e. I kva grad er det etablert eit tilfredsstillande system for å sikre brukar- og pårørandemedverknad?
2. I kva grad sikrar Bømlo kommune tilstrekkeleg bemanning med rett kompetanse i habiliteringstenesta? Under dette:
 - a. Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane, gjennom kompetanseheevande tiltak og rekruttering?
 - b. Er det lagt opp til ei bemanning som er tilfredsstillande med omsyn til å levere naudsynte tenester?

- c. I kva grad er det samsvar mellom planlagt og faktisk bemanning og kompetanse i tenestene?
- d. Kva blir gjort i tenesta ved avvik mellom planlagt og faktisk bemanning (f.eks. ved avvik som følgje av sjukefråvær og vakansar)?
- 3. I kva grad har Bømlo kommune sett i verk tiltak for å sikre gode og ressurseffektive tenester? Under dette:
 - a. I kva grad er det sett i verk tilstrekkeleg med tiltak for å sikre realistiske budsjett for tenesta?
 - b. I kva grad har kommunen tatt i bruk velferdsteknologi i tenestene?
 - c. I kva grad har kommunen etablert serviceerklæringar/tenestestandardar som tydeleggjer krav til og innhald i tenestene?
 - d. I kva grad har kommunen iverksett tiltak/satsingar for å bruke personell og kompetanse på ein hensiktsmessig måte? (slik som tiltak knytt til oppgåvedeling, spesialiserte funksjonar/team som går på tvers o.l.)

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, analyse av statistikk og verifisering/høyring som metode.

Tid og ressursbruk

Timeestimat for prosjektet er inntil 350 timar. Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at dert vert disponert ein ressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan. Kontrollutvalet må diskutere med revisjonen gjeldande når prosjektet vil starte opp og når rapporten er klar for oversending til kontrollutvalet. Framdriftsplanen i prosjektet er ut i frå at kontrollutvalet bestilte prosjektet i møte 28.11.2024. Sekretariatet har i forslag til vedtak lagt inn dato 01.09.2025, når rapporten skal ferdigstillast og sendast til sekretariatet.

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre, med dei endringane gjeldande framdriftsplan som vert avtalt i møte og at informasjonen elles vert teken til orientering.

Konklusjon

Det vert invitert til at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen.



Forvaltningsrevisjon | Bømlo kommune

Habiliteringstenesta

Prosjektplan

November 2024

«Forvaltningsrevisjon av
habiliteringstenesta - prosjektplan»

November 2024

Prosjektplanen er utarbeidd Bømlo
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterium	4
3	Metode	6
4	Tid og ressursbruk	7

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 09.10.2024, sak PS 28/24, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta i Bømlo kommune.

Habiliteringstenesta i Bømlo er ansvarleg for bu- og aktivitetstilbod til vaksne over 18 år, og yt i all hovudsak tenester til personar med utviklingshemming. Området er prega av stor kompleksitet då tenestemottakarane kan ha svært ulike behov. Tenesta har om lag 120 årsverk fordelt på 150 tilsette.¹

Deloitte har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurderingar) av Bømlo kommune si verksemd. Det blei identifisert fleire risikoområder i habiliteringstenesta, mellom anna knytt til organisering, dimensjonering av tenestene, sjukefråvær og nærleiksarbeid, system og rutinar, mål og budsjettetterleving. Totalt hadde tenesta eit overforbruk på 12,6 millionar kroner i 2023.

Nasjonalt er det påpeikt fleire risikoar knytt til tenester til personar med utviklingshemming. Det blei i 2016 gjennomført eit landsomfattande tilsyn med tenester til personar med utviklingshemming, og Fylkesmannen (no Statsforvalteren) avdekkja lovbrøt i mange kommunar. Tilsynet viste mellom anna mangelfull bemanning i fleire av kommunane, samt at det for mange brukarar ikkje var utforma mål, tiltak og plan for evaluering av tiltaka, eller at tiltaksplanane var ufullstendige. I enkelte av kommunane blei det også peikt på lovbrøt på grunn av mangelfull ivaretaking av brukarane sin rett til informasjon og medverknad². Også i tilsyn gjennomført i etterkant av det landsomfattande tilsynet, er det peikt på lovbrøt og avvik i tenestene.³ Sivilombodet har også gjennomført besøk i ei rekke bustadar til personar med utviklingshemming i fleire kommunar, og peikar på risikoar knytt til dårleg grunngjevne tvangsvedtak, bruk av tvang utan heimel over lengre periodar og ulovleg skjerming og innlåsing. Det kom også fram eit tydeleg behov for å styrkje kvaliteten på helsetilbodet som blir gitt til menneske med utviklingshemming.⁴

Deloitte har også gjennomført fleire revisjonar av tenester til personar med utviklingshemming for ulike kommunar. I revisjonane er det mellom anna peikt på utfordringar knytt til internkontroll, bemanning og kompetanse, brukarmedverknad og involvering av brukar og pårørande.⁵⁶

I 2021 blei det gjennomført eit tilsyn med helse- og omsorgstenestene for personar med utviklingshemming i Bømlo kommune. Fylkesmannen⁸ sin konklusjon var at Bømlo kommune ikkje sikrar at relevante opplysningar om personleg assistanse blir dokumentert og er tilgjengeleg som grunnlag for vidare oppfølging, evaluering av tenestetilbod og kontroll av at brukarane får tenestene dei har vedtak om. I tillegg konkluderte Fylkesmannen med at Bømlo kommune ikkje sikra at alle tilsette i tenester for personar med utviklingshemming har naudsynt opplæring om journalføring og informasjon om evaluering av tenestetilbod til brukarane.

Bømlo kommune har etablert ein handlingsplan for tenester til menneske med utviklingshemming/forstyrningar. I denne går det frå at kommunen har ein intensjon om å gjennomføre endringar for å tilpasse tenestene til strammare økonomiske rammer. Ulike tiltak som er skissert er samarbeid med frivillige, digitale og velferdsteknologiske løysingar, tiltak for effektiv drift, samt naudsynte strukturelle og organisatoriske endringar for å sikre god kompetanse og ressursbruk på tvers av einingar. Dette arbeidet er i oppstarten.

¹ Bømlo kommune. [Habiliteringstenesta i framtida \(mandat 26\)](#).

² Helsetilsynet. [Oppsummering av landsomfattande tilsyn i 2016 med kommunale helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming](#)

³ Helsetilsynet. [Tilsynsrapporter – søkeside](#).

⁴ Sivilombodet. [Sivilombodet sine besøk til bustader for mennesker med utviklingshemming 2020-2023. Oppsummering av dei viktigaste funna](#).

⁵ [Forvaltningsrevisjon av tenester til personer utviklingshemming i bofelleskap](#)

⁶ [Forvaltningsrevisjon av internkontroll og kvalitet i tjenesteytingen ved Lierstranda bofelleskap](#)

⁸ Fylkesmannen endra namn til Statsforvaltar i 2021.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Bømlo kommune har tilfredsstillande styring og kontroll med habiliteringstenesta.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad er det etablert tilstrekkeleg **internkontroll** for å sikre god styring og kontroll med tenesteytinga i habiliteringstenesta? Under dette:
 - a. I kva grad er det etablert tydelege mål og planar for habiliteringstenesta?
 - b. I kva grad er det etablert nødvendige prosedyrar og rutinar for tenesteytinga (til dømes for tvang, ernæring, medisiner, funksjonsnivå, aktivisering m.m.)?
 - c. I kva grad blir det systematisk gjennomført risikovurderingar i tenesta?
 - d. Har habiliteringstenesta eit tilfredsstillande system for melding og oppfølging av avvik?
 - e. I kva grad er det etablert eit tilfredsstillande system for å sikre brukar- og pårørandemedverknad?
2. I kva grad sikrar Bømlo kommune tilstrekkeleg **bemanning med rett kompetanse** i habiliteringstenesta? Under dette:
 - a. Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane, gjennom kompetanseheevande tiltak og rekruttering?
 - b. Er det lagt opp til ei bemanning som er tilfredsstillande med omsyn til å levere naudsynne tenester?
 - c. I kva grad er det samsvar mellom planlagt og faktisk bemanning og kompetanse i tenestene?
 - d. Kva blir gjort i tenesta ved avvik mellom planlagt og faktisk bemanning (f.eks. ved avvik som følgje av sjukefråvær og vakansar)?
3. I kva grad har Bømlo kommune sett i verk **tiltak for å sikre gode og ressurseffektive tenester**? Under dette:
 - a. I kva grad er det sett i verk tilstrekkeleg med tiltak for å sikre realistiske budsjett for tenesta?
 - b. I kva grad har kommunen tatt i bruk velferdsteknologi i tenestene?
 - c. I kva grad har kommunen etablert serviceerklæringar/tenestestandardar som tydeleggjer krav til og innhald i tenestene?
 - d. I kva grad har kommunen iverksett tiltak/satsingar for å bruke personell og kompetanse på ein hensiktsmessig måte? (slik som tiltak knytt til oppgåvedeling, spesialiserte funksjonar/team som går på tvers o.l.)

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav og forventningar til kommunen

2.2.1 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester og krav til internkontroll

Etter § 3-1 første ledd i helse- og omsorgstenestelova skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om **nødvendige helse- og omsorgstenester**. Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, under dette personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.

Kommunen er pliktig å planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at tenesta sitt omfang og innhald er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd.⁹ Dette blir omtala som internkontroll i tenesta. Internkontroll skal understøtte god styring og kontroll med verksemda og tenestene som blir ytte, og vere eit verktøy for at leiinga skal kunne ha oversikt og kontroll utan å måtte vere involvert i alle oppgåvene som blir gjennomførte.

Krav til internkontrollen er nærare regulert i ei eiga forskrift **om leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenestene**. Forskrifta inneheld ei rekke krav og plikter knytt til internkontroll. Mellom anna skal kommunen beskrive verksemda sine mål, oppgåver og organisering (§ 6a), utvikle og iverksette nødvendige prosedyrar og rutinar for tenesteytinga (§ 7c)¹⁰ og ha oversikt over og oppfølging av risikoområde og avvik (§§ 6d, 6g og 8e).

2.2.2 Nærmare om kapasitet, bemanning og kompetanse i tenestene

§ 4-1 i helse- og omsorgstenestelova omtalar krav til **forsvarlegheit** i kommunen sine helse- og omsorgstenester. Her går det mellom anna fram at kommunen skal leggje til rette tenestene slik at helse- og omsorgstenesta og personell som utfører tenestene blir i stand til å overhalde sine lovpålagde plikter (§ 4-1 c) og at tilstrekkeleg fagkompetanse blir sikra i tenestene (§ 4-1 d).¹¹

I § 6f i forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta går det fram at verksemdar som yt helse- og omsorgstenester skal ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring.¹²

I følgje rettleiar for gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming skal behovet for kompetanse sjåast opp mot brukarane behov for tenester og dei oppgåvene som skal løysast.¹³

Helsedirektoratet sin rettleiar til forskrift om leiing og kvalitetsforbetring slår fast at kommunen skal sørge for **tilstrekkeleg kvalifisert bemanning** sett opp mot behovet, under dette tilstrekkeleg personell med høgskuleutdanning innan helsefag, sosialfag og sosialpedagogikk, og tilstrekkeleg personell med fag- og yrkesspesifikk kompetanse. Vernepleiarar er særleg sentrale, med brei kunnskap om utviklingshemming, miljøterapeutisk arbeid, habilitering, rehabilitering, helsefremming og helsehjelp.¹⁴

I samsvar med helsedirektoratet sin rettleiar for gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming bør kommunane **arbeide systematisk med kompetanse i tenester** til personar med utviklingshemming, gjennom blant anna strategisk kompetanseplanlegging. Rettleiaren til forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene viser til at det er øvste leiar sitt ansvar å sørge for system som sikrar at medarbeidarane har kunnskap og ferdigheiter til å utføre oppgåvene sine, og at dette føreset at

⁹ Helse- og omsorgstenestelova § 3-1.

¹⁰ Helsedirektoratet: [Veileder til forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#). Sist endra 29.10.2018.

¹¹ Helse- og omsorgstenestelova §4-1.

¹² Forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstenester §6f.

¹³ Helsedirektoratet: [Veileder for gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming](#).

¹⁴ Helsedirektoratet: [Veileder til forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#). Sist endra 29.10.2018.

verksemda jamleg gjennomfører kompetansekartleggingar, rekrutterer medarbeidarar med rett kompetanse og sørgjer for at dei får tilstrekkeleg opplæring og etter- og vidareutdanning.¹⁵

2.2.3 Krav til brukarmedverknad

Etter **pasient- og brukarrettslova** skal tenestetilbodet så langt som mogleg utformast i samarbeid med brukaren, og det skal leggjast stor vekt på kva brukaren meiner ved utføringa av tenestetilbodet, jf. § 3-1 første og andre ledd.¹⁶ tillegg til krava som framgår av lov og forskrift, er det er utarbeidd nasjonal rettleiing knytt til brukar- og pårørandemedverknad som også kan vere relevant som revisjonskriterium.

2.2.4 Nasjonale tilrådingar om ressurseffektive tenester

Helsepersonellkommisjonen (NOU 2023:4 - Tid for handling) peikar på at god kompetanseplanlegging i helse- og omsorgstenestene er ein føresetnad for rett oppgåvedeling innanfor dei ulike helse- og omsorgstenestene, og vidare ein føresetnad for at tenestene skal gi forsvarlege tenester til innbyggjarane i kommunen. Vidare blir det skildra kor viktig det er med rett bruk av ressursar og kompetanse, der helsepersonell må brukast til oppgåver som krev ei viss kompetanse, og at oppgåver som ikkje krev helsefagleg kompetanse bør fordelast til anna personell. Vidare blir det peika på at rett oppgåvedeling må forankrast i leiinga i tenestene, og at måten ansvar og oppgåver blir fordelte og/eller omfordelte på, må vere basert på strategisk kompetansekartlegging og kompetanseplanlegging.

Helsedirektoratet har gitt tilrådingar om velferdsteknologiske løysingar i kommunane.¹⁷ Bakgrunnen er at direktoratet ser at det er tydelege gevinstar ved bruk av velferdsteknologi i kommunale helse- og omsorgstenester. Helsedirektoratet peikar mellom anna på lokaliseringsteknologi (GPS), elektronisk medisineringsstøtte, elektroniske dørlåsar, digitalt tilsyn, digitale tryggleiksalarmar, pasientvarslingssystem og responstenester.

2.2.5 Krav til realistiske budsjett

Kommunelova stiller grunnleggande krav til økonomiforvaltninga i kommunar og fylkeskommunar. I samsvar med § 14-1 skal kommunar og fylkeskommunar forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid.¹⁸ Dette inneber mellom anna at kommunen skal sette opp budsjett som skal vere realistiske, fullstendige og oversiktlege jf. §14-4.

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

¹⁵ Helsedirektoratet. [Leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesten.](#)

¹⁶ Pasient og brukarrettslova §3-1 første og andre ledd.

¹⁷ Helsedirektoratet (2015) *Anbefalinger om velferdsteknologiske løsninger i kommunene*. Sist faglig oppdatert 26. april 2019. Url: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/velferdsteknologi/anbefalinger-om-velferdsteknologiske-losninger-i-kommunene>.

¹⁸ Kommunelova §14-1.

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Bømlo kommune som er involvert i habiliteringstenesta. Mellom anna kan det vere aktuelt å intervju verksemdsleiar for habiliteringstenesta, eit utval avdelingsleiarar og tilsette/verneombod og tillitsvalde, samt representantar for brukarar og pårørnde (eksempelvis råd for menneske med nedsett funksjonsevne). Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 10-15 intervju.

3.3 Analyse av statistikk

Revisjonen vil gjennomgå aktuell statistikk som avviksstatistikk, bemannings- og fråværsstatistikk og eventuelt også relevant offentleg statistikk.

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuar for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. Kjersti Gjuvsland vil vere prosjektleiar. Deloitte vil sette saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 350 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere desember 2024 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av mai 2025.¹⁹ For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Bømlo kommune og Deloitte.

Bergen, 1. november 2024



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

¹⁹ Deloitte gjennomfører alltid ein uavhengigheitsjekk før oppstart av prosjekt for å sikre at vi oppfyller krava til uavhengigheit som blir stilte til revisor, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 16. Gjennomføringa av prosjektet føreset at denne sjekken ikkje avdekkjer faktiske uavhengigheitskonflikter (til dømes at vi står i fare for å revidere eige arbeid, nære relasjonar o.l.) eller tilsynelatande uavhengigheitskonflikter (der det ikkje er faktiske uavhengigheitskonflikter, men der det kan vere risiko for at tilliten til vurderingane og funna våre blir svekt på grunn av ulike forhold knytt til saka).



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2022/339-19

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	3/25	06.02.2025

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigendomsselskap AS - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen er godt i gang med betringsarbeidet etter denne revisjonsrapporten, men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til maimøte i kontrollutvalet i 2025. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 23.04.2025.

Samandrag

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 19.02.2024 (PS 03/24), og vedtaket er i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet. Sekretariatet registrere at kommunedirektør er godt i gang med betringsarbeidet men at det står att noko arbeid, og at selskapet har gjennomført tiltaka slik tilrådinga var. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status gjeldande kommunen sitt ansvar til maimøte i kontrollutvalet i 2025.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 19.02.2024 i sak PS 3/24:

«Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørge for at det vert lagt fram ei årleg melding til kommunestyret om status og utvikling for kommunen sine eigarskap, til dømes om økonomi og viktige saker (del 2 i eigarskapsmeldinga).
2. Sørge for å definere kommunen sitt føremål med kvart enkelt eigarskap, og inkludere dette føremålet i eigarskapsmeldinga.
3. Sørge for at alt av mål, krav og forventningar til BKE vert samla i ein eigarskapsstrategi for selskapet, og forankre eigarskapsstrategien i generalforsamlinga til selskapet
4. Sørge for at det vert utarbeida retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, som mellom anna inneheld krav om:
 - a) At nominasjonar blir gjort med utgangspunkt i krav til kompetanse, kjønnsbalanse og personlege eigenskapar, og
 - b) At valkomiteen utarbeider skriftlege grunngjevingar for nominasjonane.
5. Sørge for at det blir utarbeidd ei oversikt over behovet for bustader for vanskelegstilte på bustadsmarknaden. Oversikta bør legge grunnlag for planstrategien for kommunen.
6. Sørge for at den økonomiske situasjonen i BKE vert følgt opp, og saman med selskapet vurdere moglege tiltak for å sikre tilstrekkeleg eigenkapital for framtidig drift

Kommunestyret ber Bømlø kommunale eideomsselskap AS om å:

1. Arbeide med å vidareutvikle og forbetre strategiplanen slik at
 - a) Dei overordna målsettingane er målbare og mogleg å oppnå.
 - b) Tiltaka er konkrete og seier kva BKE skal gjere for å oppnå måla
 - c) Kolonnane for måling , frist og status er utfylt for alle tiltaka.
2. Sørge for at det vert utarbeid ein vedlikehaldsstrategi
3. Sørge for at å få registrert selskapet i styrevervregisteret til KS

Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2024, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.»

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i møte 09.10.2024 (PS 24/24), og dette vart protokollert

Kommunedirektør og juridisk seniorrådgjevar orienterte om status gjeldande handlingsplanen og oppdatert informasjon vart lagd fram i møte. Informasjonen som vart meddelt i møte og ikkje var ein del av innkallinga, vert send til utvalsmedlemene.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i kontrollutvalet i 2025. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 15.01.2025.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følge opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i møte 09.10.2024 og dette er første oppfølging etter handlingsplanen.

I epost frå kommunedirektør v/juridisk rådgjevar 10.01.2025 kjem det fram slik informasjon:

«Det står framleis ein del arbeid att for å komma i mål med handlingsplanen. Det er ein del større, tidkrevjande arbeid som skal på plass då me nyttar revisjonsrapporten til å forbetra den generelle eigarstyringa i Bømlo kommune, ikkje berre eigarstyringa inn mot BKE.

Det er påbegynt eit arbeid med retningsliner for valnemnd i Bømlo kommune. Det er skrive fyrsteutkast som har vore til gjennomlesing hjå relevante i administrasjonen, samt ordførar og varaordførar/leiar for valnemnda. Me håpar å ferdigstilla retningslinene og leggja dei fram for politisk handsaming i løpet av fyrste kvartal 2025.

Det er lagt ein plan for revidering av eigarskapsmelding. Det skal også lagast ein del 2, slik oppfordra til i revisjonen og vedteke av kommunestyret. Målet er at desse retningsføreande dokumenta skal sikra punkta i handlingsplanen.

Det vil vera naturleg med ei ny statusoppdatering på handlingsplanen for kontrollutvalet seinare i år.»

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status på handlingsplanen til maimøte i kontrollutvalet i 2025.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/40-13

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	4/25	06.02.2025

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Samandrag

I møte 28.05.2020 vedtok kontrollutvalet at ein ønskjer at rådmannen (kommunedirektøren) kjem til alle møte i kontrollutvalet og informerer om nytt frå kommunen. Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøta framover.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde mellom anna slikt vedtak i møte 28.05.2020 i sak «PS 17/20 Eventuelt»:

«Kontrollutvalet ønskjer ei sak i kvart møte om at rådmannen orienterer om saker frå kommunen»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Om det ikkje er nokon særskilte merknader knytt til informasjonen som vert gjeven, tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/17-3

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	5/25	06.02.2025

Årsmelding 2024 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2024. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding 2024 for kontrollutvalet. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Årsmelding for 2024 er vedlagt saka. Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der, slik det og har vore gjort i ei årrekke.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga.




ÅRSMELDING 2024

FOR

KONTROLLUTVALET

I

BØMLO KOMMUNE



Slåtterøy fyr (Foto: Jan Rabben).

1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det mellom anna:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.»

I kommunelova § 23-2 står det m.a:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027 er slik samansett:

Medlemmer

Arne Zahl Røksund, leiar (Sv)

Rune Kvernenes, nestleiar (H)

Ståle Sagvaag (Frp)

Bente Spissøy (Inp)

Lene Borgen Waage (Ap)

Varamedlemmer, etter parti:

- 1. Endre Barane (Ap)
- 2. Torunn Laurhammar (Ap)
- 3. Atle Nordtun (ap)

- 1. Vemund Hus (H)
- 2. Ola Gjerde (H)
- 3. Aslaug Skimmeland Huse (H)

- 1. Arvid Hafver (Frp)
- 2. Olava Gilje Nord (Frp)

- 1. Magnar Skålevik (Inp)
- 2. Jarle Haakonseth (Inp)
- 3. Helga Gilje (Inp)

- 1. Endre Barane (Ap)
- 2. Ellen Marje Thorland (Ap)
- 3. Atle Nordtun (Ap)

Minst ein av dei valde medlemmane skal og ha sete i kommunestyret, etter reglane i kommunelova. I denne valperioden er Rune Kvernenes og Bente Spissøy medlem av kommunestyret.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2024

- Kontrollutvalet hadde 5 møter og handsama 40 politiske saker i 2024.
- Ordfører har møterett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet, står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget
- b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
- c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Bømlo kommune. Helge Inge Johansen har utført sekretær oppgaver på kontrollutvalgs møter i 2024.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvalga i desse kommunane: Askøy, Austevoll, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. I tillegg til dette har sekretariatet også vore sekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune / Hordaland fylkeskommune har utført sekretariatstenester for Bømlo kommune sidan 2008. Det er gjennomført konkurranse gjeldande sekretariats-tenester for fem kommunar i Sunnhordland andre halvår 2022. Vestland fylkeskommune held fram som sekretariat for Bømlo kommune. Ny avtale gjeld frå 01.01.2023 til 01.01.2025, med opsjon på 1 + 1 år.

5 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Etter gjennomført konkurranse og handsaming av saka i kontrollutvalet fatta kommunestyret slikt vedtak i møte 10.05.2021. Kommunestyret i Bømlo kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 til 30.06.2025. Det er starta opp arbeid med ny konkurranse hausten 2024 og ny kontrakt på revisor skal gjelde frå 01.07.2025.

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Ansvarleg revisor i Deloitte har vore Else Holst-Larsen som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Bømlo kommune. Unni-Renate Moe er ny ansvarleg revisor frå 01.09.2024, har og lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Bømlo kommune. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

6 Arbeid med forvaltningsrevisjon.

I kommunelova § 23-2. Kontrollutvalet ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

Kontrollutvalget skal påse at det utføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2024.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 17.06.2024:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte forvaltningsrevisjonar:

1. Habiliteringstenesta
2. Økonomistyring og ressurseffektive helse- og omsorgstenester
3. Økonomistyring og berekraft
4. Skulemiljø

6.2 Gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Det vart ikkje bestilt noko nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2024. Dette vart utsett til første møte i 2025.

6.3 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av desse.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS

Kommunestyret handsama denne rapporten i møte 19.02.2024 der innstillinga frå kontrollutvalet vart vedteke:

«Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørgje for at det vert lagt fram ei årleg melding til kommunestyret om status og utvikling for kommunen sine eigarskap, til dømes om økonomi og viktige saker (del 2 i eigarskapsmeldinga).
2. Sørgje for å definere kommunen sitt føremål med kvart enkelt eigarskap, og inkludere dette føremålet i eigarskapsmeldinga.
3. Sørgje for at alt av mål, krav og forventningar til BKE vert samla i ein eigarskapsstrategi for selskapet, og forankre eigarskapsstrategien i generalforsamlinga til selskapet
4. Sørgje for at det vert utarbeida retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid, som mellom anna inneheld krav om:

- a) At nominasjoner blir gjort med utgangspunkt i krav til kompetanse, kjønnsbalanse og personlege eigenskapar, og
 - b) At valkomiteen utarbeider skriftlege grunngjevingar for nominasjonane.
5. Sørge for at det blir utarbeidd ei oversikt over behovet for bustader for vanskelegstilte på bustadsmarknaden. Oversikta bør legge grunnlag for planstrategien for kommunen.
 6. Sørge for at den økonomiske situasjonen i BKE vert følgt opp, og saman med selskapet vurdere moglege tiltak for å sikre tilstrekkeleg eigenkapital for framtidig drift

Kommunestyret ber Bømlø kommunale eideomsselskap AS om å:

1. Arbeide med å vidareutvikle og forbetre strategiplanen slik at
 - a) Dei overordna målsettingane er målbare og mogleg å oppnå.
 - b) Tiltaka er konkrete og seier kva BKE skal gjere for å oppnå måla
 - c) Kolonnane for måling , frist og status er utfylt for alle tiltaka.
2. Sørge for at det vert utarbeid ein vedlikehaldsstrategi
3. Sørge for at å få registrert selskapet i styrevervregisteret til KS

Kommunestyret ber og om at det ver laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2024, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.»

Kontrollutvalet handsama oppfølginga etter denne forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i møte 09.10.2024, og det vert vidare oppfølging av denne i 2025.

Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov

Kommunestyret handsama denne rapporten i møte 24.04.2023 der innstillinga frå kontrollutvalet vart vedteke:

«Kommunestyret ber kommunedirektør om å :

1. Sørge for eit planmessig, heilskapleg og systematisk arbeid for barn og unge, under dette:
 - a) Tydeleggjer og plasserer ansvaret for å følgje opp psykisk helsearbeid for barn og unge.
 - b) Syte for at barneverntenesta er tilstrekkeleg involvert i kommunen sitt arbeid som omhandlar førebyggjande arbeid retta mot barn og unge.
2. Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å følgje opp barn og unge på ein god måte, under dette:
 - a) Sørge for at alle tilsette som jobbar opp mot barn, unge og familiar har god kunnskap om meldeplikta til barnevernet, og kva som utløyser denne plikta.
 - b) Å legge til rette for at tilsette som dagleg er i kontakt med barn og unge har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne identifisere barn og unge med ulike utfordringar (t.d. rus- og/eller psykiske helseutfordringar og omsorgssvikt).
 - c) Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kjennskap til kommunen sine lågterskeltiltak for utsette barn og familiar.
 - d) Sørge for at alle tilsette kjenner til, og kan bruke, kommunen sitt overordna rammeverk for korleis tilsette skal gå fram dersom deil opplever bekymring for eit barn (BTI-rettileiar og stafettlogg).

3. Sørge for at det er tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver når det gjeld oppfølging av utsette barn og unge i kommunen.
4. Sørge for at det vert etablert nødvendige skriftlege rutinar og retningslinjer for det førebyggjande arbeidet innan barne- og familietenesta.
5. Sørge for at det vert lagt til rette for føremålstenleg samarbeid for å sikre heilskapeleg og samordna oppfølging av, og tenester til, barn og unge med særskilte behov. Under dette:
 - a) Sørge for at kommunen har tilsrekkeleg samarbeid mellom kommunen og Sunnhordland internkommunale barnevernsteneste for å sikre heilskapeleg og samordna tenestetilbod til barn og unge i kommunen.
 - b) Å undersøkje kva som er utfordringa i samarbeidet mellom PPT og skular og følgjer opp eventuelle utfordringar for å sikre at aktørane saman bidrar godt inn i tenestene for barn og unge med behov for oppfølging.
 - c) Sørge for at det er tilstrekkeleg tverrfagleg samarbeid mellom tenester retta mot vaksne (t.d. NAV og rus- og psykisk helseteneste) og tenester retta mot barn og unge, for å legge til rette for tidleg innsats til barn og unge (t.d. barn som er pårørande).
6. Sørge for at det vert sett i verk tiltak som sikrar at tenestene får på plass gode rutinar for å melde frå om manglar eller avvik i samhandlinga for barn og unge.
7. Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet handsama oppfølging av handlingsplanen i møte 01.02.2024, der oppfølginga etter denne forvaltningsrevisjonen vart avslutta, dette vart vedteke: Kontrollutvalet takker for det betringsarbeidet som er gjennomført etter denne forvaltningsrevisjonen og vel å lukke saka.

7 Arbeid med eigarskapskontroll

I kommunelova står dette om eigarskapskontroll i lova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv.

Det står i tillegg litt meir utfylljande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

7.1 Plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap. Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 17.06.2024:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte eigarskapskontrollar:

1. Bømlo Vatn og Avløp AS
2. Overordna eigarskapsforvaltning i Bømlo kommune
3. Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS
4. Moster 2024
5. Viergo AS
6. Sentralidrettsanlegget AS

7.2 Gjennomførte eigarskapskontroll.

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2024, i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

7.3 Tidlegare gjennomførte eigarskapskontrollar og oppfølging av desse.

Sjå kap. 6.3 gjeldande tidlegare gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS.

8 Arbeid med rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet handsama sak om årsrekneskap og årsmelding i maimøtet gjeldande Bømlo Kulturhus KF og Bømlo kommune.

Bømlo kulturhus KF

Dette vart mellom anna omtalt i uttalen:

Av rekneskapen for 2023 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 1 054 945. som gjev netto negativt resultatgrad på 8,93 % (Sett opp mot sum driftsinntekter kr. 11. 819.000). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge (utanom Oslo) ligg ifølge opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 0,8 % i 2023. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. For Bømlo kulturhus KF var netto resultatgrad i 2019 (+ 3,12 %), 2020 (- 15,86 %), 2021 (4,16 %), 2022 (0,06%) og 2023 (- 8,93 %). Sjølv om

desse måltala gjeld kommunar totalt sett, skadar det ikkje å skua til måltala også for eit kommunalt føretak.

Sekretariatet har merka seg at disposisjonsfondet har svekka seg, og er på kr 0 i 2023. Sekretariatet merkar seg og at føretaket i 2023 har langsiktig gjeld (gjeld til kredittinstitusjoner) på kr. 2 499 000, dette er 21,14 % av driftsinntektene.

Konklusjon

Bømlo kulturhus KF har i 2023 eit driftsresultat som er negativt og eit disposisjonsfond som ikkje er tilfredsstillande. Det vert difor tilrådd at kontrollutvalet denne gongen omtale dette i uttalen om Bømlo kulturhus KF sitt årsrekneskap for 2023:

- Rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 054 945
- Netto negativt driftsresultat med - 8,93 %
- Disposisjonsfond med kr 0
- Langsiktig gjeld med 21,14 %

Bømlo kommune

Det vart mellom anna omtalt i uttalen:

Av rekneskapen for 2023 har sekretariatet merka seg eit netto negativt driftsresultat med kr - 50.786.000 som utgjer eit netto resultatgrad på - 4,29 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølgje opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 0,8 % i 2023. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Bømlo kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2019 (+0,55 %), 2020 (+1,69 %), 2021 (- 1,06 %), 2022 (- 1,76 %) og 2023 (- 4,23%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2023 er negativt. Det er svakare enn tilrådingane frå TBU og mykje svakare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Bømlo kommune har ei lånegjeld i 2023 tilsvarende 81 % av sum driftsinntekter, altså noko høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal 82,7% i 2020, 84,1 % i 2021 og 82 % i 2022. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 0 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%. Tilsvarende tal i 2020 var på 7,4 %, 2021 5,93 % og 3,01% i 2022

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2023 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 6,0 %.

Oppsummering/tilråding frå kontrollutvalet

- Netto driftsresultat er på - 4,23 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 81 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 6,0 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 0 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Bømlo kommune er medlem i FKT. FKT arrangerar fagkonferansar, samt utarbeidar ulike vegleiarar, bl.a. om «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet». Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som meldingar til kontrollutvalet.

10 Opplæring

I februar 2024 deltok 3 av medlemmane i kontrollutvalet på felles folkevaldopplæring på Solstrand for kontrollutvala i kommunene i tidlegare Hordaland fylke. Kjernen i opplæringa er kontrollutvalsboka, og innleggshaldarar var i hovudsak frå sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og oppdragsansvarleg partner i Deloitte.

Det er ikkje gjennomført andre kurs for medlemmane i 2024.

11 Kontrollutvalet på kommunen si heimeside.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett eller PC på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt og at innkallingar og protokollar vert lagt ut.

12 Tilsyn frå Statsforvaltaren.

Når til dømes Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Statsforvaltaren tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredsstillande måte, sender Statsforvaltaren melding om at tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet har ikkje hatt referatsak om eksterne tilsyn i nokre av møta i 2024.

13 Andre saker handsama av kontrollutvalet

Døme på andre saker kontrollutvalet har handsama i 2024, lista er ikkje uttømmende:

- Årsmelding 2023 for kontrollutvalet
- Henvending – Klage på feilaktig teljepraksis i LNF-spreid
- Kommunaløkonomisk berekraft
- Konkurransetesting av revisjonstenester
- Budsjett 2025 for kontrollutvalet

Bømlo 06. februar 2025.

Arne Zahl Røksund
leiar i kontrollutvalet

Bømlo kommune

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

telefon: 05557

e-post: hogne.haktorson@vlfk.no
epost: stian.skar.ludvigsen@vlfk.no
e-post: kjartan.haugsnæs@vlfk.no
e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no
e-post: einar.kare.ulla@vlfk.no
e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Saksframlegg

Saksnr: 2024/3-2

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	6/25	06.02.2025

Møteplan 2025 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2025:

Dato:
06.02.2025
10.04.2025
14.05.2025
18.09.2025
20.11.2025

Samandrag

I dette møte skal kontrollutvalet vedta møteplan for 2025. Møta må tilpassast ut i frå om sakene skal vidare til formannskapet og kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskap og kommunestyre. I utgangspunktet er det planlagt med 5 møter, men kontrollutvalet vel sjølv ut i frå aktivitet kor mange møter ein må ha.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. Kommuneleva § 23-2.

Vurderingar og verknader

Møteplanen 2025 for Bømlo kommune gjeldande formannskapet og kommunestyret som er relevant for kontrollutvalet er lagt inn i tabellen. Møta er tilpassa ut i frå saker som skal vidare til kommunestyret og formannskapet.

Utkast til møteplan for KUV	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
06.02.2025	Årsmelding 2024 for kontrollutvalet		17.03.2025
10.04.2025	Konkurranse av revisjonstenester		28.04.2025
14.05.2025	Uttale til rekneskapen	22.05.2025	02.06.2025
18.09.2025	Budsjett 2026 – for kontrollutvalet		
20.11.2025			

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2025 slik den ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/483-7

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	7/25	06.02.2025

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av desse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Bømlo kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har i møte 09.10.24, sak PS 30/24, gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Bente Spissøy
Formannskapet	Rune Kvernenes
Utval for levkår	Lene Borgen Waage
Utval for areal og samferdsel	Ståle Sagvaag

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. Kommuneleien § 23-2.

Vurderingar og verknader

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang.

- Kommunestyret 02.12.2024 og 09.12.2024
- Formannskapet 21.11.2024 og 23.01.2025
- Utval for levkår 21.01.2025
- Utval for areal og samferdsel 22.01.2025

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/482-11

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	8/25	06.02.2025

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 13.12.2024 13:03:50
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Tittel: FKT - medlemsinformasjon desember 2024

Some people who received this message don't often get email from fkt@fkt.no. [Learn why this is important](#)

Til FKTs medlemmer

Se vedlagte medlemsinformasjon

Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen
Generalsekretær

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no /
+47 414 71 166 / www.fkt.no

[Hold deg oppdatert med vårt nyhetsbrev](#)



13. desember 2024

Kjære medlemmer

Nå er tiden igjen inne for å reflektere over året som har gått og det som ligger foran oss. Vi håper dere fortsatt har ambisjoner om å gjøre en utmerket jobb i kontrollutvalget. Forum for kontroll og tilsyn har som nyttårsforsett å støtte dere godt i dette arbeidet.

NY GENERALSEKRETÆR FRA 1. APRIL

Vi er glade for å kunngjøre at FKT vil fullføre ansettelsesprosessen for en ny generalsekretær etter jul. Ansettelsesutvalget har bestått av styreleder Line FUSDahl, nestleder Jane Anita Aspen og styremedlem Yngve Haugstvedt. Vi ser fram til å ønske den nye generalsekretæren velkommen 1. april. Den nåværende generalsekretæren vil da delvis gå av med pensjon og fortsette i en deltidsstilling som rådgiver.

GJENNOMFØRTE ARRANGEMENTER I HØST

I begynnelsen av november gjennomførte vi et webinar der temaet var kontrollutvalgets møter og det som skjer mellom møter. Interessen var stor med nesten 200 påmeldte. Nå er vi godt i gang med å planlegge vårens aktiviteter.

FAGLIGE SAMLINGER FØRSTE HALVÅR 2025

FKTs sekretariatskonferanse 25. – 26.mars 2025

Sted: Clarion Hotel Oslo Airport

I 2025 utvider vi programmet til 12 timer med faglig innhold og konsentrerer oss om tre hovedtema:

- Kommunale selskap, risikovurdering og kontroll
- Sekretariatet er kontrollutvalgets arbeidshest. Vi ser på travet fra informasjonsinnhenting til sak i kommunestyret.
- Arbeidet med informasjonssikkerhet i kommunene

I programmet har vi også satt av tid til åpen post. Hvis du har spørsmål og problemstillinger som du ønsker at vi ser nærmere på, kan du sende tips til anne-karin@fkt.no

Vi sender ut en invitasjon på nyåret, men det er åpent for påmelding allerede nå.

Fagkonferanse og årsmøte, 3. – 4. juni 2025

Sted: Quality Airport Hotel, Gardermoen

Vi dykker ned i noen av de mest presserende temaene for kommunal utvikling og styring:

- Hvordan ivareta habilitet og rolleforståelse når kommunen er eller ønsker å være en aktør? På flere områder opptre kommunen både som tjenesteyter, myndighetsutøver og aktør. Til sammen utgjør disse rollene kommunens evne til å utvikle kommunen. Hvilke habilitetsmessige og etiske utfordringer kan oppstå? Hva bør kontrollutvalget være oppmerksom på?
- Åpenhet og tillit. Vi ser på temaet både fra utsiden og innsiden av kommunen.
- Psykososialt arbeidsmiljø i skolen. Hvordan kan vold og trusler i skolen forebygges? Hvordan kan kontrollutvalget dra nytte av gjennomførte tilsyn på området, i sine kontrollhandlinger?
- Hvordan kan vi sikre gode velferdskommuner? Er det systemkrise? Kan interkommunalt samarbeid redde generalistkommunen eller finnes det andre løsninger? Kan kontrollutvalget bidra til å definere hva som er godt nok?

Vi sender ut en invitasjon på nyåret, men det er åpent for påmelding allerede nå.

I forbindelse med fagkonferansen, har vi også årsmøte 3. juni. Her kommer vi tilbake med mer informasjon.

PROSJEKTER

Forum for kontroll og tilsyn og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene samarbeider om et prosjekt om utvikling av veiledere for sekretariatene. Daglig leder Arnar Helgheim, SEKOM-sekretariat og generalsekretær Anne-Karin Femanger Pettersen utgjør i styringsgruppen sammen med NKRFs kontrollutvalgskomite.

Styrene i FKT og NKRF har nå fastsatt anbefalingen for orienteringer fra kommunedirektøren. [Du kan lese anbefalingene her.](#)

Temaet for den neste anbefalingen er hvordan sekretariatet og kontrollutvalget kan planlegge og følge opp besøk hos avdelinger, tjenestesteder og selskaper.

LOVTOLKNINGER

Forum for kontroll og tilsyn har mottatt et spørsmål fra en kommunestyrerepresentant i Hammerfest om det er riktig at kommunedirektøren kan innstille til kommunestyret i saker fra kontrollutvalget. [Du kan lese mer om saken her.](#)

I en uttalelse fra departementet fremgår det at det er riktig at forvaltningsrevisjonsrapporter i en del tilfeller skal sendes til kommunedirektøren for uttalelse to ganger. Den første gangen gjelder uttalelsesretten utkastet til en rapport som fremdeles er under utarbeidelse, og den

andre gangen gjelder uttalelsesretten kontrollutvalgets behandling av saken som skal oversendes til kommunestyret. [Du kan lese mer om saken her.](#)

Nye tolkninger fra Kommunal- og distriktsdepartementet om valgbarhetsreglene for kontrollutvalg. Tolkningene er svar på henvendelse fra NKRF - kontroll og revisjon i kommunene. [Du kan lese mer om sakene her.](#)

NYE MEDLEMMER

Fra 2025 blir Indre Fosen, Osen og Lavangen kommuner medlem i FKT. Vi ønsker de velkommen!

STYRET

Dere finner styreprotokollene på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Send e-post til fkt@fkt.no hvis dere ønsker å få tilsendt brukernavn og passord.

Styrets møtekalender for våren 2025: 28. januar, 24. mars, 25. april og 2. juni.

NYHETSBREV OG MEDLEMSINFORMASJON

Personvernreglene krever samtykke for at vi kan sende ut nyhetsbrev. De som er interessert i nyhetsbrevet «Nytt fra FKT» kan melde seg på her: [Hold deg oppdatert med vårt nyhetsbrev](#) Alle interesserte - også de utenfor organisasjonen - kan abonnere på nyhetsbrevet.

Informasjon som er forbeholdt medlemmer (medlemsbrev) blir sendt ut når vi mener vi har informasjon som bør nå medlemmene. Flere av dere har mottatt dette julebrevet direkte til personlig e-post. Hvis dere ikke ønsker å motta medlemsinformasjon direkte, kan dere gi beskjed til sekretariatet eller til FKT. Da skal vi slette adressen fra medlemslisten.

Følg oss gjerne på [LinkedIn](#) [Facebook](#) [X\(Twitter\)](#)

Med ønske om en riktig god jul!

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær